

### **Rutine for vurdering av habilitet for folkevalde i Sauda kommune**

Det er den einskilde folkevalde som sjølv er ansvarleg for å vurdere om det kan vere at hen er inhabil (ugild) i ein sak som skal til handsaming. Det er det folkevalde organ som har saka til handsaming som fastsett om den folkevalde er habil eller inhabil. For å sikre god handsaming av desse spørsmåla har Sauda kommune fylgjande rutine for vurdering av habilitet.

1. Når sakslista til møte i folkevald organ vert sendt ut skal den einskilde representant gå gjennom lista for å sjå om det er saker kor det kan vere spørsmål om habilitet.
2. I dei tilfelle der det er saker kor det kan vere spørsmål om habilitet skal den folkevalde melde frå til leiar av det folkevalde organ, møtesekretær og kommunedirektør per e-post så raskt som mogleg.
  - a. Innmeldinga skal innehalde fylgjande punkt:
    - i. Kva sak det gjeld.
    - ii. Kvifor den folkevalde meiner at det kan reisast spørsmål om habilitet i saka.
    - iii. Kva oppfatning den folkevalde sjølv har om hen er habil eller inhabil.
3. Møtesekretær er ansvarleg for at det vert kalla inn vara for representanten.
4. Kommunedirektør vil, i den grad meldinga om spørsmål om habilitet er sendt inn tidleg nok, foreta ein vurdering av saka.
  - a. Når vurderinga er gjort vert denne sendt til representanten, møteleiar og gruppeleiarane.
5. Møteleiar bør ved opning av møtet melde kva saker det er reist spørsmål om habilitet, og spørje om det i orden for organet at saka vert flytta opp. Dette slik at vararepresentant slipp å vente gjennom heile møtet.
6. Representanten skal ved opning av saka flagga at det må gjerast ein vurdering av habilitet i saka. Representanten skal grunngjeve kvifor spørsmålet vert flagga.
  - a. Møteleiar er ansvarleg for at ein slik vurdering skjer før realitetane i saka vert diskutert.
  - b. Representanten skal ikkje delta i handsaminga av spørsmålet om hen er habil eller ikkje.
  - c. Vararepresentant tek hens plass under denne handsaminga.
  - d. Vert representanten funnet habil tek representanten att sin plass. Vert representanten funnet inhabil av organet skal vararepresentant delta i handsaminga av saken fram til vedtak er fatta. Når vedtak er fatta i saka tek representanten igjen sete i organet.
7. Møtesekretær skal protokollere organets avgjerd om inhabilitet/habilitet, med lovparagraf.

## **Paragraf 6 i forvaltningslova**

*«En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak*

- a) *når han selv er part i saken;*
- b) *når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;*
- c) *når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;*
- d) *når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;*
- e) *når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for*
  - 1. *et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller*
  - 2. *et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.*

*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

*Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.*

*Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.*

*Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.»*

## **Paragraf 11-10 i KommuneLOVA:**

*Bestemmelsene om inhabilitet i forvaltningsloven kapittel II gjelder ved behandlingen av saker i folkevalgte organer, med de særreglene som følger av denne paragrafen.*

*En folkevalgt som har vært med på å forberede eller treffe vedtak i en sak som ansatt i kommunen eller fylkeskommunen, er inhabil til senere å behandle den samme saken i et folkevalgt organ i henholdsvis kommunen eller fylkeskommunen. Første punktum gjelder ikke når årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan behandles i et folkevalgt organ.*

*Når en klage skal behandles etter forvaltningsloven § 28 andre ledd, er en folkevalgt som har vært med på å forberede eller treffe vedtaket, inhabil til å delta i klageinstansens behandling av vedtaket, eller i forberedelsen av saken for klageinstansen.*

*En folkevalgt er ikke inhabil når det skal velges personer til offentlige tillitsverv, eller når det skal fastsettes godtgjøring o.l. for slike verv.*